

Konsesjonssøknad-Testkonsesjon Tjøredalselva Kraftverk (Miljøfyrtårn)



Odd Rune Håland
Sunnfjord Energi AS
REVIDERT 23.10.2015

NVE - Konesjons- og tilsynsavdelinga
Postboks 5091 Majorstuen
0301 Oslo

Søknad om konsesjon for bygging av Tjøredalselva kraftverk

Tjøredalselva Kraft SUS ønskjer å utnytte vassfallet i Tjøredalselva i Fjaler kommune i Sogn og Fjordane fylke, og søker med dette om følgjande løyve:

1. Etter vassressurslova, jf. § 8, om løyve til:
- å bygge Tjøredalselva kraftstasjon

2. Etter energilova om løyve til:
- bygging og drift av Tjøredalselva kraftverk, med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftlinjer som skildra i søknaden.

Vedlagte utgreiing gjev alle nødvendige opplysningar om tiltaket.

Med vennleg helsing



Tjøredalselva Kraft SUS v/

Per Kristen Svartefoss
6966 Guddal
e-post
Tlf. 905 69 633

Samandrag

Tjøredalselva kraft AS er eit anlegg som er skipa med føremål å utnytte delar av Tjøredalselva til kraftproduksjon. Anlegget er eigd av grunneigar i området.

Tiltaket har tidlegare søkt om konsesjon med grunnlag i ei tradisjonell utbygging. Tiltakshavar har no revidert planane med målsetjing å vere eit miljøfyrtårn for bygging av småskala vasskraft i verna vassdrag. Tiltakshavar er i positiv dialog med Enova SF angående dei løysingar som ein skal bruke, og desse er så langt vurdert til å kome inn under kategorien «Introduksjon av Ny Teknologi».

Inntaket vert utforma etter «Fossekall» prinsippet, med sjølvreinsande rist og all installasjon skjult under bakken. Kraftstasjonen vert bygt med ein kontraroterande turbin bygt i betongkonstruksjon under bakken. Såleis vert tiltaket ikkje visuelt synleg i landskapet.

Det vert søkt ei utbygging med to alternativ til inntak. Det første alternativet har inntak rett nedstrøms Svartefossvatnet på kote 248. Det andre alternativet er ei utbygging nedanfor Svartefossen på kote 190. For begge alternativa ligg kraftstasjonen på kote 170.

I driftsfasen er slepp av minstevassføring lik 5 persentilen sommar og vinter for begge alternativa, og det vert planlagt ei slukeevne på 36 % av middelvassføringa. Dette er eit vassuttak som vil sikre både landskapsopplevinga og det biologiske mangfaldet.

Tjøredalselva er ei sideelv i det verna Guddalvassdraget. Tjøredalselva er ikkje spesielt nemnd i samband med utarbeiding av vernevedtaket og elva ligg gøymt til. Svartefossen er synleg frå garden Svartefoss, som er tiltakshavar for prosjektet. Det er etter søkjar sitt syn lite konfliktfylt i høve til landskap og biologisk mangfald. Det er små fiskeinteresser i området, og området er elles prega av tekniske inngrep i samband med gardsdrifta i området.

Utbygginga vil elles vere med å styrkje næringsgrunnlaget for bruket ved Svartefossen. Ei utbygging vil vere med å sikre busetnaden på garden i framtida.

Tiltaket er elles i eit område med mykje menneskeleg påverknad og vil såleis ikkje vere i strid med vernekriteria for Guddalvassdraget.

Innhald

1	Innleiing	5
1.1	Om søkjaren	5
1.2	Grunngjeving for tiltaket	5
1.3	Geografisk plassering av tiltaket	5
1.4	Dagens situasjon og noverande inngrep.	7
1.5	Eksisterande inngrep.....	7
1.6	Samanlikning med andre nedbørsfelt/nærliggjande vassdrag	8
2	Omtale av tiltaket	9
2.1	Hovuddata	9
2.2	Teknisk plan for det søkte alternativet	10
2.3	Kostnadsoverslag	16
2.4	Fordelar og ulemper ved tiltaket	16
2.5	Arealbruk og eigedomsforhold	17
2.6	Forholdet til offentlege planar og nasjonale føringar	17
2.7	Alternative utbyggingsløysingar	19
3	Verknad for miljø, naturressursar og samfunn	20
3.1	Hydrologi (verknader av utbygginga).....	20
3.2	Vasstemperatur, is forhold og lokalklima	22
3.3	Grunnvatn	22
3.4	Ras, flaum og erosjon	23
3.5	Raudlisteartar	25
3.6	Terrestrisk miljø	25
3.7	Akvatisk miljø	26
3.8	Verneplan for vassdrag	26
3.9	Landskap	27
3.10	Kulturminner	27
3.11	Landbruk.....	27
3.12	Vasskvalitet, vassforsynings- og resipientinteresser	28
3.13	Brukarinteresser	28
3.14	Samiske interesser	28
3.15	Reindrift	28
3.16	Verknadene på samfunnet	28
3.17	Konsekvensar av kraftliner	28
3.18	Konsekvensar ved brot på dam og trykkørør	29
3.19	Konsekvensar av ev. alternative utbyggingsløysingar	29
3.20	Samla vurdering	30
3.21	Samla belastning	30
4	Avbøtande tiltak	31
5	Referansar og grunnlagsdata	32

1 Innleiing

1.1 Om søkjaren

Tjøredalselva Kraft SUS er eit selskap som er skipa med føremål å bygge og drive Tjøredalselva kraftverk i Fjaler kommune. Selskapet vert eigd av grunneigar som har fallrett langs elvestrekninga.

Tjøredalselva Kraft AS
Co/ Per Kristen Svartefoss
6966 Guddal
pkfoss@online.no

1.2 Grunngeving for tiltaket


Grunneigar har i all hovudsak jordbruk som næring og ynskjer med denne utbygginga å styrkje næringsgrunnlaget ved å utnytte dei naturgitte ressursane som ligg til bruket. I tillegg vil kraftverket i Tjøredalselva vere med å styrkje busetnaden på garden.

1.3 Geografisk plassering av tiltaket

Utbyggingsområdet ligg i Fjaler kommune, Sogn og Fjordane. Tjøredalselva kjem frå Svartefossvatnet og munnar ut i Guddalen og er såleis ei sideelva og del av Guddalsvassdraget. Nærmaste tettstad er Vadheim i Høyanger kommune, og det ligg ca. 25 km unna tiltaksområdet.



Figur 1. Guddalsvassdraget i Fjaler kommune. Tiltaksområdet er merka med raud stjerne.



Figur 2. Oversiktskart med nedbørsfelt

1.4 Dagens situasjon og noverande inngrep.

Guddalsvassdraget:

Guddalsvassdraget er et låglandsvassdrag som munnar ut i en sidefjord til Dalsfjorden i Sunnfjord.

Nedbørfeltet er svært påverka av strukturane i berggrunnen, noe som gir et krokete vassdragsmønster. Dalføret er også preget av morene og skredmateriale. Aktive prosessar er særlig knytt til steinsprang og skred.

Fjellområda har mange små, men velutvikla lågheier. Vegetasjonstypen er sjeldan i kystdistrikta. Feltet har en variasjon av myrtypar. Vassdraget er markert i form av store og små vassflater, kraftfulle stryk og stille loner.

Nedre del har anadrom fisk (laks og sjøaure). Bestanden er avhengig av jamt tilsig frå sidevassdraga. Sørebfossen skil seg ut som markert landskapselement. Det er store kulturminneinteresser langs vassdraget.

Denne høgareliggende delen av Guddalsvassdraget er utan busetnad og nesten utan tekniske inngrep. Det varierte og småskalerte landskapet saman med det generelt urørte preget som gjev oppleving av villmark, utgjer dei viktigaste friluftskvalitetane. Feltet brukast til tradisjonelt friluftsliv der vassdraget med elva og vatna utgjer en sentral del av opplevingane.

Store delar av nedbørfeltet ligg meir enn 1 km frå inngrep. Topografi og naturtypar bidrar til å gi feltet eit preg av villmark. Nedbørfeltets areal for heile Guddalsvassdraget er 260 km².

Guddalsvassdraget utan Søreboelva vart verna i Verneplan IV for vassdrag. Søreboelva vart verna i supplering av Verneplan for vassdrag.

Dei viktigaste kriteria som er lagt til grunn for vern av Guddalsvassdraget er først og fremst knytt til urørd natur utan tekniske inngrep. Dette finn ein i dei høgareliggende områda som er prega av villmark og har viktige friluftskvalitetar.

Vidare er Guddalsvassdraget prega av strukturane i berggrunnen som gjev eit krokete vassdragsmønster. Dalføret er også prega av morene og skredmateriale.

Nedre del av Guddalsvassdraget har anadrom fisk.

Tjøredalselva:

Tjøredalselva har sitt opphav frå Sandavatnet som ligg på kote 304 og renn gjennom delvis skogkledde område med slake parti. Vidare renn elva gjennom fleire mindre vatn før den renn inn i Svartefossvatnet på kote 250. På begge sider av dalen går fjella oppimot 700 moh. Frå utløpet av Svartefossvatnet renn elva i slake parti for den går utfor Svartefossen og vidare fram dalen mot hovudelva

1.5 Eksisterande inngrep

Det går veg oppetter heile vassdraget. I dei lågare områda går vegen på begge sider av vassdraget. Dalbotnen er prega av kulturlandskap og aktivt jordbruk. Det går ei 22 kV kraftlinje gjennom dalen.

Innanfor tiltaksområdet er Tjøredalselva og landskapet prega av menneskeleg aktivitet frå jordbruksdrifta. Den kommunale vegen slyngjer seg oppetter langs elva og går vidare inn til garden

Lia som ligg inst i dalen ved Svartefossvatnet. Frå denne vegen er det i samband med jordbruksdrifta bygt skogsveggar. Gjennom dalen går det i dag 22 kV-linje.




Figur 3. Oversiktsfoto for tiltaksområdet, Virtual Globe.

1.6 Samanlikning med andre nedbørsfelt/nærliggjande vassdrag

Guddalvassdraget (082.Z) grensar til Gaularvassdraget og Storeelva i nord og mot Dyrnesli / Vadheim mot øst, og Lølandselva i sør.

Gaularvassdraget er også verna mot kraftutbygging. Her er det i dag 13 mindre kraftverk i drift. I Storeelva er det eit større kraftverk (Hålandsfoss 1917 / 1955), medan det mot øst er bygd eit minikraftverk på Birkås og samt Dyrnesli kraftverk i Vadheim frå 1911. I Lølandselva har Sunnfjord Energi AS to kraftverk i drift, Øvre Svultingen (1940) og Nedre Svultingen (1965).

NVE er i oppstartsfase av behandling av fire småkraftverk i Fjaler kommune; Øyrafossen, Tjøredalselva, Yndestadhølen og Lønnebotn. Alle prosjekta ligg innafor Guddalvassdraget. Sjølv om dette er kraftverk mindre enn 1MW er det NVE som fattar vedtak, fordi det er eit verna vassdrag. Fylkeskommunen er som vanleg høyringspart.



Figur 4 Oversikt over konsesjonsøknader i Gudalsvassdraget. Kilde: NVE Atlas

2 Omtale av tiltaket

2.1 Hovuddata

Tjøredalselva kraftverk, hovuddata			
TILSIG		Hovudalternativ	Ev. alternativ 2
Nedbørfelt	km ²	28,3	29
Årleg tilsig til inntaket	mill.m ³	84,8	71,3
Spesifikk avrenning	l/s/km ²	94,9	97,9
Middelvassføring	m ³ /s	2,57	2,75
Alminneleg lågvassføring	m ³ /s	0,148	0,162
5-persentil sommar (1/5-30/9)	m ³ /s	0,283	0,29
5-persentil vinter (1/10-30/4)	m ³ /s	0,274	0,281
Omsøkt minstevassføring			
Sommar	m ³ /s	0,280	0,162
Vinter	m ³ /s	0,270	0,162
Restfeltets middelvassføring	m ³ /s	0,180	0,080
KRAFTVERK			
Inntak	moh.	248	190
Avløp	moh.	170	170
Lengde på råka elvestrekning	m	700	300

Brutto fallhøgd	m	78	20
Gjennomsnittleg energiekvivalent	kWh/m ³	0,18	0,05
Slukeevne, maks.	m ³ /s	0,95	0,95
Slukeevne, min	m ³ /s	0,10	0,10
Tilløpsrøyr, diameter	mm	700	700
Tunnel, tverrsnitt	m ²	-	-
Tilløpsrøyr/tunnel, lengde	m	700	300
Installert effekt, maks	kW	600	150
Brukstid	timar	7050	7080

MAGASIN

Magasinvolum	mill. m ³	-	-
HRV	moh.	-	-
LRV	moh.	-	-

PRODUKSJON

Produksjon, vinter (1/10 - 30/4)	GWh	1,93	0,49
Produksjon, sommar (1/5 - 30/9)	GWh	2,11	0,54
Produksjon, årleg middel	GWh	4,04	1,03

ØKONOMI

Utbyggingskostnad	mill.kr	16,2	4
Utbyggingspris	kr/kWh	4	4

Tjøredalselva kraftverk, Elektriske anlegg

GENERATOR

Yting	650 kVA	200 kVA
Spenning	0,69 kV	0,69 kV

TRANSFORMATOR

Yting	750 kVA	250 kVA
Omsetning	22 / 0,69 kV	22 / 0,69 kV

NETTILKNYTING (kraftlinjer/kablar)

Lengd	30m	30 m
Nominell spenning	22 kV	22 kV
Luftline el. Jordkabel	Jordkabel	Jordkabel


2.2 Teknisk plan for det søkte alternativet

Hydrologi og tilsig


Til å fastsetje hydrologien i området er måledata frå stasjon 82,4 Nautsundvatn brukt. Tiltaksområde inngår i nedslagsfeltet til målestasjonen ved Nautsundvatnet. Hydrologisk rapport ligg ved denne søknaden som eit eige vedlegg.

Nedbørsfeltet til Tjøredalselva er 28,3 km². Feltet er forholdsvis lågtliggende med fjell oppmot 700 moh. Området har dominerande vårflaum og lågvassperiode om vinteren, men med ein periode om vinteren med høgare avrenning.

I følgje hydrologisk rapport er normalavløpet i Tjøredalselva på 95 l/s/km². Dette gjev eit middelavløp på 2,7 m³/s og årsavløp på 84,7 mill m³/år



Figur 5. Årleg variasjon i vassføring, Tjøredalselva.



Figur 6. Varighetsskurve Tjøredalselva.

Inntak

I hovudalternativet er inntaket tenkt plassert på kote 248. Området ligg inntil vegen som går vidare til Lia. Det er laga veg ned i elva som vert nytta til å henta vatn med gyllevogn og liknande. Det vert ikkje behov for nye vegar i området.



Figur 7. Inntaksområde

Denne reviderte søknaden inngår som eit pilotprosjekt der ein nyttar «Fossekallen» inntak med coandaeffekt. Dette er ei patentert inntaksløysing som er lansert i Noreg av Brødrene Dahl AS. Inntaka er mykje nytta i utlandet, og utmerkar seg med unike miljømessige gevinstar. Dette er først og fremst oppimot lite konflikt for allmenne interesser som biologisk mangfald, samt reduserte inngrep i landskapet.

«Fossekall» inntaket i Tjøredalselva vert utforma som ein låg terskel nedstrøms eksisterande bru. Breidda er ca. 7,5 m. Innløpskanalen til rørgata vert bygt under bakken og såleis vil ikkje installasjonane vise for allmenta. På neste side følger ulike bilete med visualisering av planlagt inntak.

Denne løysinga med å byggje terskelen inn i elva gjer at det ikkje vert bygd noko dam, og det vert ikkje noko neddemma areal.

Det er fleire ulike alternativ for minstevassføring ved coandainntak:

- V-profil ved sida av coandainntaket
- Uttak av minstevassføring ved inntakskummen
- Minstevassføringsfelt midt i coandainntaket ved hjelp av glatte plater

Elva renn altså som før, over inntaksristen. Berre det som inntaket kan sluke vill gå gjennom risten, resterende vatn vil renne vidare i elva.

Visualisering av «Fossekall inntak» i Tjøredalselva:



1. Noverande forhold, 2. Nytt inntak ved låg vassføring, 3. Nytt inntak ved middels vassføring

Røyrgate

Mykje av rørgata vil følgje eksisterande vegar. I begge utbyggingsalternativa er det tenkt å bruke duktile rør med sement utvendig. Krav til omfyllingsmasse < 100 mm, noko som gjer anleggsarbeidet mindre komplisert ved redusert til transport av omfyllingsmasse. Desse røra vert nytta for å gjere utbygginga så skånsam som mogleg og unngå nye inngrep i området.

Røyrgata skal gravast ned, og det vert behov for delvis sprenging. Det vert ikkje behov for hogst. Planlagt breidde på rørgatetrasé er 20 m i anleggsperioden, og 0 etter idriftsetjing. Aktuelle områder vil verte pynta til igjen og tilsådd.

Vassvegen vil frå inntaket følgje vegen. Vidare vil det verte kryssing av vegen før rørgata følgjer eksisterande veg ned til kraftstasjonen på kote 170. Ein ser at det ikkje vert behov for nye vegar i området ved denne utbygginga.

For hovudalternativet er lengda på rørgata 700 m og diameteren er 700 mm. For alternativ 2 er lengda




Figur 8. Oversiktskart utbygging.

Tunnel

Ikkje aktuelt.

Kraftstasjonen

Kraftstasjonen vert liggande på kote 170, på vestsida av elva. Denne vert bygt under bakken, utstyrt med kontraroterande turbin, som ikkje gjer krav på store konstruksjonar og på den måten reduserer ein inngrepa i etableringsfasen. Montert kraftstasjon vil vere ca. 16 m² på bakkenivå. Av uteareal kan det vere behov for plass til parkering.



Figur 9. Kontraroterande turbin.



Figur 10. Kontraroterande turbin under bakken. Bilete syner ferdig montert kraftstasjon med tilkomst i eit lite hus oppå bakken.

Kraftstasjonen er planlagt med ein kontraroterande turbin på 600 kW, med ein generator på 650 kVA og ei spenning på 690 V. Dette vert knytt til nettet via ein trafo på 750 kVA med omsetning 0,69/22 kV.

Hovudfordelen med ein slik turbin er som nemnd at den vert bygt under bakken, og det vil derfor vere minimalt med visuelle inngrep. Samstundes er dette ein enkel og billeg installasjon.

Vegbygging

Det går i dag ein skogsveg frå kommunal veg til område for kraftstasjon. I samband med utbygging og drift av anlegget, ser ein føre seg å ruste opp og bruke denne. Denne strekninga er ca. 280 m lang. Den vert opprusta slik at den vert bæredyktig for nødvendig anleggstrafikk og transport

Inntak vert etablert attmed eksisterande veg noko som gjer at det ikkje er behov for ny vegbygging.

Nettilknytning (kraftliner/kablar)

Frå kraftstasjonen vert krafta ført austover til eksisterande 22 kV linje via ein 30 meter lang jordkabel.

Anna nett/ forhold til overliggjande nett:

Områdekonsesjonær, Sunnfjord Energi Nett, stadfestar at det vert arbeida med planar for forsterking for å knyte til kraftverka i Fjaler. Omfanget av eventuelle nettfosterkingar vert avklara når nettanalysane er ferdigstilt. Anleggstilskot for kvart enkelt kraftverk vil bli avklara nærmare når vi kjenner til utfallet av dei omsøkte prosjekta og nettanalysar er ferdigstilt.

SE vil kome attende med meir informasjon når Fjalerpakken kjem på høyring

Energiutgreiinga frå Fjaler kommune poengterer også at det kan verte trong for nettutbyggingar som følgje av småkraft. I følgje statur og prognoser for kraftsystemet i 2014(KSU) er Fjaler merket rødt. Det vil si, kommunar der KSU for området opplyser at det ikkje er ledig kapasitet i kraftnettet for tilkopling av ny produksjon.

Massetak og deponi

Det er ikkje behov for deponi eller massetak.

Køyremønster og drift av kraftverket

Kraftverket vert køyrt på tilgjengeleg tilsig til ei kvar tid som eit tradisjonelt elvekraftverk.

Det er ikkje planar om effektkøyning med hyppige start-stopp.

2.3 Kostnadsoverslag

Tjøredalselva Kraftverk	mill. NOK
Reguleringsanlegg	
Overføringsanlegg	
Inntak/dam	2
Driftsvassvegar	2,8
Kraftstasjon, bygg	2
Kraftstasjon, maskin og elektro	5,5
Kraftline	0,2
Transportanlegg	0,2
Div. tiltak (tersklar, landskapspleie, med meir)	0,4
Uventa	0,5
Planlegging/administrasjon.	2
Finansieringsutgifter og avrunding	0,6
Sum utbyggingskostnader	16,2

Prisnivå 2012

2.4 Fordelar og ulemper ved tiltaket

Fordelar

Kraftverket vil gje ein samla produksjon på 4 GWh.

Tiltaket er eit pilotprosjekt/miljøfyrtårn der tiltakshavar saman med leverandørar legg stor vekt på bygging i verna vassdrag. «Fossefall» inntak og testkøyning av kontraroterande turbin vil kunne danne grunnlag for meir skånsame utbyggingar av småkraftanlegg i alle typar vassdrag.

Ettersom lønsemda i tradisjonelt jordbruk i dag er låg, oppfordrar dagens landbrukspolitik til ei breiare utnytting av dei ressursane som finst på gardsbruka. Ei utvikling av eit lokaleigd kraftverk vil både auke kompetansen og interessa for lokal utnytting av ressursane.

For eigarane av kraftverket vil anlegget vere med å styrkje lønsemda og næringsgrunnlaget på bruka, noko som igjen vil sikre busetnaden og eit levedyktig lokalsamfunn.

Anlegget vil verte bygt innanfor eit område med noverande store inngrep, som til dømes vegar, dyrking og reiskapshus. I lag med dette vil ikkje pilotprosjektet vere i konflikt med dei kriteria som ligg til grunn for vern av Guddalsvassdraget.

Ulemper

Ulempene vil i hovudsak vere i tilknytning til fysiske inngrep og redusert vassføring.

Utifrå tiltak som er gjort med plassering av inntak, rørgate og kraftstasjon meiner vi at ulempene er minimale. Slepp av monaleg minstevassføring vil vere med å sikre landskapsopplevinga og det biologiske mangfaldet.

2.5 Arealbruk og eigedomsforhold

Arealbruk

Heile kraftverket vert liggande på eigedomen til utbyggar av kraftanlegget. I planlegging og utbyggingsfasen vil det vere fokus på så små inngrep som mogleg. Areal innanfor tiltaksområdet som vert råka av utbygginga skal arronderast og vekst massar skal tilbakeførast slik at stadeigen vegeatasjon skal etablere seg. I tabellen nedanfor er det gjort eit grovt anslag over arealbruken.

Inngrep	Midlertidig arealbehov (daa)	Permanent arealbehov (daa)	Ev. merknader
Inntaksområde	1,5	0,2	
Rørgate (vassveg)	14	0	
Riggområde	4	0	
Veier	2,2	0,8	
Kraftstasjonsområde	2	0,2	
Nettilknytning	0,1	0	

Eigedomsforhold

Tjøredalselva Kraftverk er eigd av grunneigar på aktuell strekning, Per Kristen Svartefoss. Heile tiltaksområdet tilhøyrar grunneigar, gardsnr 129 bruksnr 3.

2.6 Forholdet til offentlege planar og nasjonale føringar

Beskriving av tiltaket i forhold til:

Fylkesplan – Då Guddalsvassdraget er eit verna vassdrag går det ikkje under «Regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging», men det blir handsama av Sivertsen(2009). Dette er eit faktaark som tar opp kvifor og korleis eit verna vassdrag blir vurdert utbygd.

«Stortinget vedtok i februar 2005 at det i verna vassdrag kan gjevast løyve til bygging av mini -og

Vassressurslova gjev likevel klare avgrensingar for kraftutbygging i dei verna vassdraga. Føresetnaden for å gje løyve er at verneverdiane ikkje vert dårlegare. NVE kan avslå søknader utan ytterlegare handsaming av omsyn til verneverdiane. Ein føresetnad for løyve vil normalt vere at vassdraget også etter utbygging har ei variert og romsleg vassføring»

Prossessen til Tjøredalselva kraftverk går fram etter rettingslinjene som vart vedteken i Stortinget 2005.

- Alle planer om kraftutbygging er meldt til NVE
- Det er ikkje funne teikn på at utbygginga vil gå ut over verneverdiane for vassdraget då berre trivielle naturtypar råkas, og området allereie er prega av menneskeleg påverknad

Kommuneplan – Tiltaket ligg i LNF område, og ein vil søkje om dispensasjon i høve til kommuneplanens arealdel. Prosjektet treng derfor dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen før utbygginga tek til. Dette vert gjort samtidig som søknaden vert handsama i NVE.

Samla plan for vassdrag (SP) – Tiltaket er ikkje omtala i samla plan for vassdrag.

Verneplan for vassdrag – Guddalsvassdraget er verna i VP IV. Tjøredalselva er ei sideelv i hovudvassdraget.

Nasjonale laksevassdrag – Tiltaket er ikkje i eit nasjonalt laksevassdrag.

Ev. andre planar eller verna område –

Viktige Naturområde i Sogn og Fjordane (EDNA):

- I nedslagsfeltet til Tjøredalselva er det ved Sandavatnet registrert eit område med unikt kulturlandskap.
- Ved utløpet til hovudelva er det eit mindre hekkeområde for våtmarkfuglar.
- Vest for tiltaksområde er det eit myrområde og næringsfattig vatn, som er hekkplass for våtmarksfugl.

Kraftverket kjem ikkje i konflikt med desse områda.

Lokalt viktige friluftsområde (FRIDA):

Frå tiltaksområde og innover i nedbørsfeltet er det registrert viktig friluftsområde. Lokalkunnskap tilseier at rekreasjonsaktiviteten i området er liten og dette området eventuelt ligg innafør tiltaksområdet.

Utbygginga vil såleis ikkje redusere området for rekreasjon og friluftsliv.

Eldre bygningar og kulturminne (SEFRAK databasen):

Innanfor tiltaksområde er det langs elva nedstrøms Svartefossen registrert tufter etter eit sagbruk, samt eit kvernhus. Oppstrøms Svartefossen er det registrert tuft etter ein verkstad.

Utbygginga vil ikkje vere i konflikt med desse kulturminna.

Inngrepsfrie naturområde (INON) – Tiltaket ligg 1,3 km frå næraste INON sone, og vil ikkje gje nokon reduksjon i desse områda. Tiltaksområdet er elles prega av mykje menneskeleg aktivitet.




Figur 11. Inngrepsfrie naturområder, Svartefoss ligg midt på kartet, (Direktoratet for Naturforvaltning)

EUs vassdirektiv

Sur nedbør og vasskraftutbygging er vurdert til å vere dei største påverknadane på vassmiljøet i Sogn og Fjordane. Situasjonen med forsureing har betra seg sidan 1980-talet, men det er likevel trøng for å gjere tiltak slik at miljømåla kan bli nådd. Regionale tiltak er: oppfølging av nasjonale og lokale kalkingsprosjekt, mellom anna Guddalsvassdraget.

2.7 Alternative utbyggingsløyningar

Utbygger meiner hovudalternativet er den løysinga som gjer seg mest nytte av eksisterande infrastruktur og på den måten utgjer den mest skånsame utbygginga. Som eit alternativ er det planlagt eit alternativ II som har inntak nedstrøms Svartefossen. Dette gjev ei betydeleg redusert utbygging som vil vere vanskeleg å få lønsam.



Figur 12. Oversiktskart, alternativ II.

I dette alternativet er det planlagt ein Pelton turbin på 150 kW, med ein generator på 200 kVA og ei spenning på 690 V. Dette vert knytt til nettet via ein trafo på 250 kVA med omsetning 0,69/22 kV.

I alternativ utbygging vert det behov for å bygge ca. 30 meter ny veg frå kommunal veg til inntaksområde nedstrøms Svartefossen.

3 Verknad for miljø, naturressursar og samfunn

3.1 Hydrologi (verknader av utbygginga)

Nedbørsfeltet til inntaket for alternativ 1 er 28,3 km². Innanfor området er det fleire mindre vatn, noko som gjer at elva har sjølvregulering. Det er planlagt ei slukeevne på 1 m³/s noko som svarar til eit uttak av nyttbar vassmengde på 27 %.

5 persentil om sommar: 0,280 m³/s

5 persentil om vinteren: 0,270 m³/s


Alminneleg lågvassføring: 0,148 m³/s

Planlagt minstevassføring: 0,270 m³/s


Vassføring i høve turbinen slukeevne:

	Tørt år	Middels år	Vått år
Kor mange dagar med vassføring > maksimal slukeevne	200	233	305
Kor mange dagar med vassføring < planlagd minstevassføring + minste slukeevne	29	6	0


Vassføring før og etter utbygging i eit tørt år:



Vassføring før og etter utbygging i eit middels år



Vassføring før og etter utbygging i eit vått år:



3.2 Vasstemperatur, is forhold og lokalklima

Anleggsfasen:

Det er ikkje venta noko endring i vasstemperatur, is forhold eller lokalklima under bygging av kraftverket. Røyr gata vil ligge eit stykke frå elvestrengen og den korte byggetida for inntaksdammen vil ikkje kunne påverke desse forholda.

Driftsfasen:

Strekninga mellom inntak og stasjon er for hovudalternativet 700 meter. I denne strekninga vil det verte marginalt varmare lufttemperatur gjennom vår og sommarmånadane på grunn av den reduserte vassføringa og varmeveksling med lufta omkring.. På vinterstid er det venta ingen endring.

Vatnet som går gjennom turbinen vil verte mindre oppvarma enn vatnet som renn fritt om sommaren. Om vinteren vil vatnet verte meir enn vatnet i elva. Desse forholda vil truleg gje marginale effektar på vasstemperaturen etter samløpet mellom kraftstasjon og elva. Den reduserte vassføringa vil kunne medføre at isen legg seg tidlegare i den påverka elvestrekninga.

Det er ikkje forventa endringar med tanke på isgang, kjøving eller frostrøyk.

3.3 Grunnvatn


Grunnvatnet i området er ikkje kartlagt, men der er ikkje forventa endringar i grunnvasstanden som følgje av tiltaket. Ein auka vasstand i inntaksområde vil ha marginale konsekvensar oppstrøms inntaket. I dette tilfelle er der mykje fjell i dette området. Oppstrøms inntaket fins det eit grunnvassborehol i fjell ved Lia.

Bygging av rørgate og kraftstasjon vil ikkje endre grunnvassforholda.


3.4 Ras, flaum og erosjon

Når det gjeld flaum har vassdraget ein markant snøsmeltingsperiode og fleire hyppige regnflaumar om haust og vinter. Overløpet på inntaket vil få same breidde som eksisterande løp, noko som ikkje vil endre flaumforholda nedstrøms inntaket. Tiltaket vil elles ikkje gje noko auka fare for erosjon i området.


Nedre delar av prosjektet ligger innanfor aktsemdsomsråde for snøskred, steinsprang og jord- og flomskred.



Aktsemdskart for jord- og flomskred i tiltaksområdet



Aktsemdskart for steinsprang i tiltaksområdet



Aktsemdskart for snøskred i tiltaksområdet

3.5 Raudlisteartar

På grunnlag av frembrakt kunnskap er det ikkje gjort funn av raudlisteartar i tiltaks- og influensområdet for noen av alternativa. Et visst potensial for førekomst av raudlisteartar er likevel tilstade på bakgrunn av en naturtype lokalisert i planområdet for hovudalternativet. Området for hovudalternativet vurderast derfor å ha liten mot middels verdi, mens alternativ 2 gis liten verdi.

3.6 Terrestrisk miljø

Langs rørgatetrassen både for alternativ 1 og 2 er det ikkje registrert viktige eller krevjande naturtypar. Dei nedre delane av rørgata går gjennom tett furu og bjørkeskog. Vidare oppover for vil rørgata i alternativ 1 går gjennom open bjørkeskog som ikkje utgjer noko verdifull naturtype.

Biolog har ikkje registrert artar av verken karplantar, lav eller mose som krev spesielle omsyn. For bekkekløfta og i fossesprøytsone er det forhold som indikerer at det er mulig voksested for raudlista mosar, utan at det ble funnet verken nå eller ved de tidlegare synfaringane (2003 og 2004). Det vurderast likevel et visst potensial for at det finnes kravande og / eller raudlista mosearter innanfor planområdet.

Det er registrert ei fossesprøytsone i Svartefossen. Denne vert omtala til å ikkje representere noko viktig vegetasjonsutforming, og vert vurdert til middels verdi som naturtype.

Miljørapporten konkluderer med at utbygginga vil ha liten negativ innverknad på viktige naturtypar eller trua vegetasjonstypar.

Det er ikkje registrert sjeldne artar av pattedyr eller fugl innafor området. Førekkomsten av vilt vert vurdert å vere av liten verdi.

Området som lokalitet for fossefall vert vurdert til å vere av liten-middels verdi.

3.7 Akvatisk miljø

Elvestrekninga som tiltaket omfattar er ikkje anadrom strekning. Det er ikkje kjente funn av musling eller andre krevjande ferskvassorganismar i vassdraget. Innslag av vanleg bekkeare vil førekomme. Denne vert ikkje råka av utbygginga. Det er ikkje kjent at det er ål (CR) så langt opp i vassdraget (Fylkesmannen pers. medd.) Akvatisk miljø vurderast til liten verdi for begge utbyggingsalternativ, då ingen spesielle eller omsynskrevjande førekomstar er registrert.

3.8 Verneplan for vassdrag

Guddalsvassdraget er verna i VP IV. Tjøredalselva er ei sideelv i hovudvassdraget og kjem også under dette vernet. Verneverdiane listast opp nedafør:

- Geofag: Avsetningar frå istida og morenemateriale.
Middels verneverdi **
- Botanikk: interessante myrområde ved Søreboåseter og nord for Sandvatnet.
Veldig stor verneverdi ****
- Landfauna: Skor er et av dei mest verdifulle våtmarksområda for fugl i Sogn og Fjordane. Vassdraget har to direkte trua fuglearter. Område er også viltbiotopisk interessant.
Veldig stor verneverdi ****
- Vassfauna: Vassdraget har laks, sjøaure, innlandsrøye, stingsild og ål. Ovanfor Hovlandsvatnet finnes berre innlandsørret. Den er prega av tette og til dels overbefolka bestander. stor verneverdi ***
- Kulturminneverdiar: Gravfunn frå yngre steinalder, gamle hustypar ved gardsbusettinga og sag frå 1600-tallet, kvernhus, bevarte parti av «den Trondhjemske Postvei» frå 1802.
Stor verneverdi ***
- Friluftinteresser: Vassdraget har funksjon som turområde for lokalbefolkninga heile året, også mykje brukt til fritidsfiske.
Stor verdi ***
- Landbruksinteresser: Skogbruk og jordbruk er utbredt i Guddal og Vassdalen.
Stor verdi ***

Grunnlaget for dette verna vassdraget særleg knytt til urørd natur med eineståande landskapsformer. Som nemnd er det aktuelle området er allereie prega av menneskeleg påverknad, og her fins kommunal veg langs nesten heile elva, 22kV kraftlinje gjennom dalen og aktivt jordbruk.

For vassdraget som heilhet, vurderast verknaden av tiltaket totalt sett til lite negativt på grunnlag av at det er eit lite kraftverk som råkar eit svært avgrensa areal av Guddalsvassdragets verneområde. Tiltaket vurderast ikkje å ha store negative verknadar for vernegrunnlaget.

3.9 Landskap

Området ligg i det som karakteriserast som ”Ytre fjordbygder på Vestlandet”, dvs. Landskapsregion 21. Regionen har et meir opent preg med blant anna vide fjordstrek og en ofte lågare horisont mot vest enn de midtre og indre regionene (22 og 23), som omgjes av høge fjellmassiv. En finner ofte en storskåra mosaikk av landformer med vekslingar mellom ulike åsar, storkupert hei med godt avrunda paleiske fjellformer. Små og korte vassdrag er mest utbreidd, med hyppige vekslingar frå rolige elver i flatt lende til meir hastige løp i terreng med høgare fall.

Tjøredalselva kjem frå Sandavatnet som ligger på 304 moh og renner gjennom en delvis skogkledd dal i opne, slake parti. Den renner gjennom fleire små vann og inn i Svartefossvatnet, 250 moh. På begge sider av dalen går fjella opp til 6-700 moh. Ved utløpet av Svartefossvatnet renner elva et stykke i breidd og slakt hellande terreng, før vatnet samlast for å styrte ned Svartefossen med et bratt fall på ca. 20 m. Nedstrøms fossen renner elva i stryk over fjell og stein før den roer ned i en høl og flater ut i breidd elveløp med stein og grus, og renner rolig vidare forbi lokaliteten for planlagt kraftstasjon.

Elva er godt synleg frå garden Svartefoss, som tiltakshavar for dette prosjektet eig. Elles går vegen vidare opp og innover til eit gardbruk lenger inne i dalen. Landskapsmessig vert tiltaket vurdert til å vere lite negativt, då ein planlegg monaleg minstevassføring, samt eit lågt uttak av vatn, (36 % av middelvassføring). Samstundes vil all installasjon vere under bakken, og derfor ikkje vere synleg for menneske.

3.10 Kulturminner

Kontakt med fylkeskommunen skjedde gjennom Berit Anne Gjerland. Det blei anbefalt søk i Askeladden for automatisk freda kulturminne (10 000 år sidan – år 1537). Her fekk vi eit treff i Guddal utanfor konsekvensområdet til kraftverket.

For bygningar bygde før 1900 finst databasen Matrikkelen. Andre kulturminne frå nyare tid som steingjerde, tufter, stolar osv. kan finnast på historisk økonomiske kart. Karttenesta Fylkesatlas inneheld denne typen kart og andre kulturminneopplysningar, og blei anbefalt av Gjerland. Ved hjelp av Fylkesatlas blei det funnet i alt registrert 11 bygg kor i alt 6 er registrert som Sefrak.

SEFRAK er et landsdekkande register over eldre bygningar og andre kulturminner. De fleste bygningar frå før 1900 er SEFRAK-registrerte. Det inneberer ikkje at bygningen har et formelt vern, men er en indikasjon på at den kan være verneverdig

Tiltaket vil ikkje kome i konflikt med SEFRAK bygningar eller ha noko innverknad for kulturminne og kulturmiljø.

3.11 Landbruk

Tiltaket er lokalisert i eit område som er sær sars prega av landbruksdrift. Anlegget vert liggande i eksisterande vegar og vil såleis ikkje ha noko negative konsekvensar for landbruket.

Anlegget vil tvert imot vere sær sars positivt for landbruket i from av eit styrkja næringsgrunnlag og sikra busetnad i området.

3.12 Vasskvalitet, vassforsynings- og resipientinteresser

Bygging av kraftverk i Tjøredalselva vil ikkje ha noko innverknad på vassforsyninga i området. Det er ikkje kjent resipientinteresser i området.

3.13 Brukarinteresser

Området vert hovudsakleg brukt til landbruksføremål. Det er ikkje kjent noko friluftinteresser innanfor tiltaksområdet.

3.14 Samiske interesser

Det er ingen samiske interesser i området.

3.15 Reindrift

Det er ikkje reindrift innanfor tiltaksområdet.

3.16 Verknadene på samfunnet

Dei positive verknadane for samfunnet er betydeleg større enn dei minimale negative. Alternativ I vil gje 4 GWh ny rein energi.

Tiltaket vil elles vere med å styrkje næringsgrunnlaget og sikre busetnaden i området for dei som eig i anlegget. I tillegg vil anlegget vere med å bidra med skatt og avgifter til stat og kommune.


I byggeprosessen vil prosjektet vere med å sysselsette fleire personar i eit år. Når anlegget er ferdig vil drift av anlegget vere ei deltidstilling.

Gjennom dette pilotprosjektet med bruk av «Fossefall» inntak og kontraroterande turbin vil løysingane vere nyskapande og banebrytande innanfor skånsam utnytting av vassressursane. Desse utbyggingane dannar eit viktig grunnlag for å sikre busetnad på gardsbruka og eit berekraftig samfunn.

3.17 Konsekvensar av kraftliner

Frå kraftstasjonen skal straumen førast til eksisterande linje som ligg rett aust for planlagt tomt.

Overføringa skjer med jordkabel som gravast ned. Det vert ikkje noko kryssing av vei eller elv, og det vert ikkje noko nye linjer som følgje av denne utbygginga.



Figur 13. Planlagt trasé for jordkabel

3.18 Konsekvensar ved brot på dam og trykkrøyr

Trykkrør vert dels liggande i veg. Ved eit brot vil alt vatnet verte leia tilbake til elva og derfor ikkje gjere noko vesentleg skade på infrastruktur. Ut i frå trykk og vassmengde er sannsynet for at vegen vert øydelagt av vatnet ved eit røyrbrot lita. I tilfelle det skulle skje vil det vere rakst å byggje ei alternativ veg.

Ovanfor inntaket ligg det eit gardsbruk som er avhengig av vegen. Det kan som eit avbøtande tiltak vere aktuelt med installering av ventil i øvre enden av tilløpsrøyrret. Ved for stor vassføring i røyrret som følgje av eit røyrbrot vil den stengje av vassvegen.

Vedlagt følgjer skjema for Klassifisering av dammar og trykkrøyr.

3.19 Konsekvensar av ev. alternative utbyggingsløysingar

Det er primært søkt om er utbygging med kraftstasjon på kote 170 og inntak ovanfor Svartefossen på kote 248. Inntaket vert bygt så skånsamt som mogleg der ein legg vekt på god estetikk og bruk av stadeigne massar.

Som eit alternativ til denne utbygginga har ein lagt inntaket nedstrøms Svartefossen på kote 190. Dette er eit alternativ med gjev mindre produksjon og låg lønsemd.

3.20 Samla vurdering

Tema	Konsekvens	Søkar/konsulent sin vurdering
Vasstemp., is og lokalklima	<i>Ingen</i>	<i>Søkar</i>
Ras, flom og erosjon	<i>Ingen</i>	<i>Søkar</i>
Ferskvassressursar	<i>Ingen</i>	<i>Søkar</i>
Grunnvatn	<i>Ingen</i>	<i>Søkar</i>
Brukarinteresser	<i>Ingen</i>	<i>Søkar</i>
Raudlisteartar	<i>Ubetydelig</i>	<i>Konsulent</i>
Terrestrisk miljø	<i>Liten-middels negativ</i>	<i>Konsulent</i>
Akvatisk miljø	<i>Ubetydelig-lite negativ</i>	<i>Konsulent</i>
Landskap og INON	<i>Lite negativ</i>	<i>Konsulent</i>
Kulturminner	<i>Ingen</i>	<i>Søkar/konsulent</i>
Reindrift	<i>Ingen</i>	<i>Søkar</i>
Jord og skogressursar	<i>Lite negativt</i>	<i>Konsulent</i>
Oppsummering	<i>Liten-middels negativ</i>	<i>Konsulent</i>

3.21 Samla belastning

Vassvegen er planlagt med 700 røyrgate frå inntaket og til kraftstasjonen. Her er det planlagt delvis sprenging og nedgraving. Innløpskanalen til rørgata vert bygt under bakken og vil såleis ikkje bli synleg for folk. Tiltaksområdet som beskrive i denne søknaden med monaleg minstevassføring er ikkje av eit slikt omfang at det vil påverke det landskapsmessige.

Når det gjeld omkring liggjande vassdrag er det planlagt eller bygt fleire anlegg, (sjå kart, kap. 1.6). Dette har samanheng med fleire naturgitte forhold, som mykje nedbør og store høgdeskilnader. Sjølv om Guddalsvassdraget er verna, er det fire nye kraftverk i forskjellige sideelver som no skal handsamast etter vassressurslova.

Av kraftverka i Fjaler kommune er Sunnfjord Energi konsulent for Øyrafossen, Tjøredalselva og Yndestadhølen, og grunneigarane sjølv står som tiltakshavar. Desse kraftverka vil isolert sett få små negative konsekvensar for miljøet, men det er vanskeleg å vurdere i kor stor grad dei negative effektane av desse kraftverka, samt dei andre omsøkte kraftverka, vil akkumulera til. Sunnfjord

Energi er ikkje kjent med miljøverknadane til dei andre omsøkte kraftverka, og kan såleis heller ikkje gjere noko vurdering av sumverknad i forhold til desse.

4 Avbøtande tiltak

Minstevassføring

I driftsfasen er slepp av minstevassføring lik 5 persentilen sommar og vinter det viktigaste avbøtande tiltaket. I tillegg er uttaket av vatn sett til 36 % av middelvassføringa.

Vi meiner at slepp av monaleg minstevassføring, samt eit prosentvis lågt uttak av vatn vil sikre det biologiske mangfaldet samt det visuelle ved vassdraget.

Ecofact meiner det er umogeleg å seie kor stor denne minstevassføringa bør vere, og det er derfor vanskeleg å seie kva miljøkonsekvens dei ulike vassføringane vil medføre. Bilete av ulike vassføringar i elva er vist i vedlegg 4.

	Mengde (l/s)	Årsproduksjon (GWh)	Kostnader (kr/kWh)
Alminnelig lavvassføring	148	4,024	4
5-persentil (1/5-30/9)/ 5-persentil (1/10-30/4)	280/270	3,766	4,3
Eksempel 1 på lavvassføring	220	3,875	4,18
Eksempel 2 på lavvassføring	400	3,526	4,6
Eksempel 3 på lavvassføring	650	3,1	5,2

Eksempel på avbøtande tiltak utanom minstevassføring:

- Heile tiltaket vil gjere seg nytte av eksisterande vegar i området, noko som ikkje fører til nye inngrep. Det vil verte brukt duktile røyr med sement utvendig, noko som gjer gravearbeidet enklare og inngrepa mindre.
- Røyrgata som gravast ned tilbakeføres med stedefegen vegetasjon.
- Tiltakshavar har saman med leverandør optimalisert dette prosjektet med «Fossekall» inntak og kontraroterande turbin.
- Installasjon av ventil i øvre enden av røyrgata som stengjer av vassvegen ved eit evt røyrbrot

5 Referansar og grunnlagsdata

- Representant for grunneigar: Bjarte Skår
- Konsekvensutreiing, Ecofact
- Fylkesmannen: Tore Larsen, Eivind Søsnes, Merete Farstad, Bård Ottesen
- Fylkeskommunen: Berit Anne Gjerland
- Virtual Globe, Norkart
- Eigenutvikla programvare for simulering av tilsig og produksjon
- Sivertsen (2009): Faktaark om utbygging i verna vassdrag
http://www.nve.no/Global/Konsesjoner/Vannkraft/Smaakraft/Praktisk%20veiledning/Faktaark_4_2008_kraftutbygging_i_verna_vassdrag.pdf
- SEFRAK: <http://www.riksantikvaren.no/Veiledning/SEFRAK>

Vedlegg til søknaden


1. Oversiktskart for tiltaksområdet, med nedbørsfelt.
2. Detaljert kart over utbyggingsområdet (1:5000).
3. Fotografi av tiltaksområde.
4. Fotografi av vassdraget under forskjellige vassføringar.
5. Miljørapport/kartlegging av biologisk mangfald.
6. Dokumentasjon, hydrologiske forhold.
7. Klassifisering av dam og trykkrør.
8. Uttale frå områdekonsesjonær.


Oversiktskart tiltaksområdet med nedbørsfelt

Alternativ 1:



Alternativ 2:






Tjøredalselva as

Alternativ 1, Detalkart

Målestokk : 1:5000

Dato : 16.12.2010

Kraftverkstema	<ul style="list-style-type: none"> Vannvei/rørgate Kraftverk Intak 	<ul style="list-style-type: none"> Andre bygg Takkant Bygning punkt
Høydeinformasjon	<ul style="list-style-type: none"> Høydekurve 5m Terrengpunkt 	Vegsituasjon
Innsjøer og vassdrag	<ul style="list-style-type: none"> Innsjø Innsjøkant Elv/Bekk kant Elv/Bekk midt 	<ul style="list-style-type: none"> Veg Veg Vegkant på bro Vegkant Avgrrensing mot annet vegareal
Eiendomsinformasjon	<ul style="list-style-type: none"> Eiendomsgrænse Gårds- og bruksnummer 	Annens samferdsel
Bygninger	<ul style="list-style-type: none"> Boligbygg 	<ul style="list-style-type: none"> Traktor/Kjerreveg midt
		Ledningsnett EL
		<ul style="list-style-type: none"> Høyspenning Nettstasjon mast Enkel stolpe Stor stolpe



Bilete frå tiltaksområde.



Figur 1. Inntaksområde alternativ 1, (Hovedalternativ).



Figur 2. Svartfoss, rørgata vil verte nedgravd i vegen til høgre i bilete



Figur 3. Inntaksområde for alternativ utbygging under Svartefossen



Figur 4. Eksisterande veg frå kommunal veg til kraftstasjonområde.



Figur 5. Kraftstasjonsområde og fotograf ser oppover rørgatraseen.



Figur 6. Elva nedstrøms kraftstasjon

Ulike vassføringar i Tjøredalselva



Figur 1, Vassføring: 0,25 m³/s



Figur 2, Vassføring: 0,65 m³/s



Figur 3, Vassføring: 1,5 m³/s



Figur 1, Vassføring: 3,5 m³/s



Figur 2, Vassføring: 11 m³/s

28.oktober 2009, vassføring 0,22 m³/s:



Ved inntakspunkt for alternativ 2-utbygging



Ved inntakspunkt for alternativ 2-utbygging.



Oppstrøms fossen



Oppstrøms kraftstasjonen



Oppstrøms kraftstasjonen



Like nedstrøms inntakspunkt for alternativ 1 utbygging



Oppstrøms inntakspunkt for alternativ 1 utbygging



Midtveis mellom inntak for alternativ 2 og fossen

13.september 2009, vassføring 5,31 m³/s:



Ved inntak for alternativ 2



Ved inntak for alternativ 2



Mellom inntaket og kraftstasjonen



Nedstrøms kraftstasjonen




Nedstrøms kraftstasjonen



Oppstrøms kraftstasjonen

**Konsekvenser for biologisk mangfold
ved utbygging av
Tjøredalselva kraftverk, Fjaler kommune**



Sandnes, 5. oktober 2015



Ecofact Sørvest AS
Postboks 560
4304 SANDNES
E-post: solbjorg@ecofact.no



Konsekvenser for biologisk mangfold ved utbygging av Tjøredalselva kraftverk i Fjaler kommune

Oppdragsgiver: Sunndal Energi AS v/ Ingvild Lange

Forfatter: Solbjørg Engen Torvik

Prosjekt nr.:
25552, Småkraft Fjaler / 2273 hos Ecofact

Antall sider: 30 + vedl.

Distribusjon: Åpen

Dato: 26. juli 2010 / 5. oktober 2015

Prosjektleder: Solbjørg Engen Torvik

Arbeid utført av: Solbjørg E. Torvik,
Leif Appelgren (mosebestemmelser)

Kvalitetssikrer: Roy Mangersnes

Stikkord: Minikraftverk, biologisk mangfold, konsekvenser, Svartefoss, Tjøredalselva, Fjaler kommune

Sammendrag:

Bjarte Skår planlegger i samarbeid med grunneier utbygging av Tjøredalselva kraftverk i Tjøredalselva i Fjaler kommune. Tiltaket klassifiseres som et minikraftverk. Det foreligger planer for to alternative inntakspunkter der begge alternativene vil ha samme plassering av kraftstasjon og delvis sammenfallende trase for rørgate. Installert effekt er planlagt til henholdsvis 600 og 150 kW og en årlig produksjon på hhv. 4,04 og 1,03 GWh. Hovedalternativet planlegges like etter utløpet av Svartefossvatnet ovenfor Svartefossen og har en fallhøyde på 78 meter. Alternativ 2 har inntakspunkt i en kulp et stykke nedenfor Svartefossen og har en fallhøyde på 20 meter.

Utbyggingsplanene utløser krav om kartlegging av biologisk mangfold. Denne rapporten sammenstiller resultater fra feltarbeid i oktober 2009 og tidligere kjent kunnskap om temaet, og belyser konsekvensene tiltaket har for biologisk mangfold. Videre er rapporten oppdatert i 2015.

Hovedalternativet

Ved valg av vanninntak ved utløpet av Svartefossvatnet vil det først og fremst være Svartefossen og naturtypen fossesprøytsone med verdien lokalt viktig (C) som bidrar til at utbyggingen vurderes å få middels verdi og middels negativt omfang. Dette gir middels negativ konsekvens for naturtyper og vegetasjonstyper. Det ble likevel ikke registrert, og er ikke tidligere kjent rødlistede arter eller arter som krever spesielle hensyn i influensområdet. Svartefossen med strykpartiene nedenfor kan være en potensiell hekkelokalitet for fossefall, selv om det ikke foreligger sikker informasjon om dette. For de andre temaene, utenom verneområde, varierer derfor konsekvensvurderingene fra ubetydelig til liten negativ konsekvens.

Samlet sett vurderes utbygging av Tjøredalselva kraftverk, hovedalternativ å ha **liten - middels negativ konsekvens** for biologisk mangfold.

Alternativ 2

I tiltaks- og influensområdet er det biologiske mangfoldet representativt for regionen. Det ble ikke registrert viktige naturtyper eller sjeldne vegetasjonstyper. Vegetasjonen består stort sett av trivielle arter som trives på fattig berggrunn, og gjerne sure forhold. Området vurderes ikke som et spesielt viktig område for pattedyr og fugl, og elvestrengen fører ikke anadrom fisk. Det er ikke funnet opplysninger om ål. Samlet vurdering er liten verdi for biologisk mangfold. Virkningsomfanget varierer fra intet til lite-middels negativt omfang for de ulike tema. Samlet vurderes omfanget til lite

Utbygging av Tjøredalselva kraftverk, alternativ 2, vurderes å ha **ubetydelig konsekvens** for biologisk mangfold.

For Guddalsvassdraget verneområde er tiltaket vurdert å gi middels negativ konsekvens.

Forsidefoto: Svartefossen. Alle foto Solbjørg Engen Torvik, såfremt annet ikke er oppgitt.

INNHOOLD

1	FORORD	4
2	INNLEDNING	4
3	UTBYGGINGSPLANER	5
4	METODE	8
4.1	Eksisterende datagrunnlag	8
4.2	Verktøy for kartlegging og verdi-, omfang- og konsekvensvurdering	8
4.2.1	<i>Naturtyper og vegetasjonstyper</i>	8
4.2.2	<i>Vilt</i>	9
4.2.3	<i>Ferskvann</i>	9
4.2.4	<i>Rødlistearter</i>	10
4.3	Verdi, omfang og konsekvens	10
4.4	Influensområdet og feltregistreringer	12
5	RESULTATER	13
5.1	Kunnskapsstatus	13
5.2	Naturgrunnlaget	13
5.3	Rødlistearter	15
5.4	Terrestrisk miljø	15
5.4.1	<i>Verdifulle naturtyper og vegetasjonstyper</i>	15
5.4.2	<i>Karplanter, moser og lav</i>	19
5.4.3	<i>Fugl og pattedyr</i>	22
5.5	Akvatisk miljø	22
